

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, SV, A og SP fram slike fellesforslag:

«Alternativ:

1. Fritaket for bompenger for hydrogenbiler, utsleppsfree varebiler og lastebiler som har vore til no videreførast (i minst 5 år, fram til 2025).
2. Det vert innført ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyer i Norge. Tilsvarande skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebilar kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.»

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av H, FrP, V og MDG fram slike fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet legg til grunn at det ikkje vert krevd inn avgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 før 2025 i bompengeprosjekt i Hordaland.»

Byrknes og Ryssdal trekte forslaga.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF, Sp, V, MDG, H og Frp fram slike forslag:

«Alternativ:

1. Fritaket for bompenger for nullutsleppskøyretøy slik som hydrogenbiler, utsleppsfree varebilar og lastebilar som har vore til no, vert videreførast i minst 5 år, fram til 2025.
2. Det bør innførast ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyar i Noreg.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, KrF, Sp og V fram slike forslag:

«Tilleggspunkt til alternativt forslag:

Tilsvarande skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebilar kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Hammer sitt forslag til alternativ vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt tilleggspunkt fekk 9 røyster (SV, A, KrF, Sp, og V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fritaket for bompenger for nullutsleppskøyretøy slik som hydrogenbiler, utsleppsfree varebilar og lastebilar som har vore til no, vert videreførast i minst 5 år, fram til 2025.
2. Det bør innførast ein klimaklasse for tunge køyretøy på biogass. Dette arbeidet må sjåast på i samanheng med tilsvarende arbeid og innføring i andre storbyar i Noreg.
3. Tilsvarande skal det sjåast på korleis også avansert bioetanol og ladbare hybrid-lastebilar kan inkluderast i klimaklasse så snart som mogleg.

